



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

26.02.2021

Svar på høyring om endring i barnehagelova om plikt til å vurdere norskkunnskaper før skolestart.

Styrarane i barnehagane i Hjartdal kommune har utarbeida fylgjande svar på høyringa:

Vi støttar ikkje regjeringa sitt forslag til endring i Lov om barnehager § 39a Plikt for barnehagen til å vurdere barns norskkunnskap.

Vi støttar heller ikkje forslag § 39b Plikt for kommunen til å tilby vurdering av barns norskkunnskaper før skolestart.

I Norge har barn ein individuell rett til barnehage, men det er ikkje barnehageplikt. Det gir føresette ein rett til sjølv å gi barnet eit læringsmiljø. Oppfølging av språk vil vere ein viktig del av dette og helsestasjonen si oppfølging vil vere sentral.

Regjeringa skriv vidare at ei ny lovendring ikkje vil føre til verken auka utgifter eller arbeid. Dette meiner vi ikkje er realistisk. Vi meiner ein plikt for barnehagane til å vurdere barns norskkunnskap vil ta bort mykje tid frå pedagogisk bemanning.

Pedagogisk bemanning og kunnskap hos pedagogene, samt eit godt samarbeid med PPT, vil vere ein god løysing. Godt samarbeid og godt planlagte overgangar til skulen vil og vere avgjørande og skulen skal vidare tilrettelegge for tilpassa opplæring.

I dag kartleggast barn i barnehagen som ein har ekstra oppmerksomheit på, eller som ein tenker vil ha nytte av ekstra tilrettelegging. Dette har allereie barnehagane god kompetanse på og som gjennomførast i tråd med Rammeplanen. Vi meiner det er viktig å sjå dette i samanheng med Kompetanseløftet, og at alle som arbeider i barnehagen skal kunne få god kompetanse og forståelse om språkkinnlæring og tospråklighet. Det er avgjørande å ha spesialkompetane på språkkinnlæring i barnehagen, og å kunne tilpasse verktøy ut frå dei utfordringane ein står i.

Kartleggingsverktøy og systemer er i seg sjølv eit bra tiltak, men det må vere for dei som treng det. Ved å vektlegge og styrke kompetanse hos dei ansatte, vil ein i større grad jobbe med tilrettelegging for språkkinnlæring kontinuerleg.

Vi meiner ein plikt til å vurdere barns norskkunnskap er i strid med det barnehagana jobbar etter i eit integreringsperspektiv. Barnehagen må arbeide med inkludering for at barn skal lære seg norsk, ikkje lære seg norsk for å bli inkludera. I Hjartdal kommune er det pr i dag ingen tospråklege born som ikkje går i barnehagen. Der dette har vore tilfelle, har helsestasjonen god oversikt over barnet.

Med helsing

Rannveig Haukaas
Einingsleiar barnehage

Unni Lunde
Kommunalsjef